

ID.552.26
MH/thm

Til
Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep.
0032 Oslo

Opprop: Nedtrekk i havbruksnæringa får store konsekvensar for kystsamfunna

Sunnhordlandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, oppmodar Nærings- og fiskeridepartementet om å stanse ytterlegare nedjustering av MTB gjennom kapasitetsjusteringsforskrifta og sikre meir føreseielege rammevilkår for havbruksnæringa.

Havbruksnæringa er ein berebjelke for verdiskaping, sysselsetting og næringsutvikling i Sunnhordland. Endringar i produksjonskapasiteten får direkte konsekvensar for aktivitet, investeringar og framtidstru i næringa, og dermed også for arbeidsplassar og utvikling i kystkommunane.

Havbruksinntektene er og ei viktig inntektskjelde for kommunane, og bidrar til at vi kan leggje til rette for denne næringa i distriktet.

Bakgrunn

Fleire kommunar i Sunnhordland er varsla å få betydeleg lågare inntekter frå havbruksfondet og produksjonsavgifta enn det som låg til grunn i vedtekne budsjett for 2026. Dette er ein direkte konsekvens av redusert produksjonskapasitet i produksjonsområde 3 (PO3).

Bømlo kommune fryktar eit inntektsbortfall på inntil 20 millionar kroner. For Tysnes og Kvinnherad viser berekningane høvesvis om lag 13 og 24 millionar kroner i reduserte inntekter.

Nedtrekket rammar ikkje berre kommunane sine inntekter. Lågare produksjon svekkjer grunnlaget for verdiskaping i ei næring som er avgjerande for sysselsetting og aktivitet langs heile kysten. Ringverknadene omfattar oppdrettsselskapa, leverandørindustrien, transportnæringa, serviceverksemdar og ei rekkje andre arbeidsplassar som er knytte til havbruksnæringa.

Dette kjem i ei tid der mange lokalsamfunn arbeider aktivt for å sikre vekst, rekruttering og busetjing. Når rammevilkåra for ei av dei viktigaste næringane i regionen vert svekte, reduserer det både investeringsviljen og moglegheitene for vidare utvikling.

Forslag til tiltak

Sunnhordlandsrådet ber Nærings- og fiskeridepartementet om:

1. Å anerkjenne vertskommunane si sentrale rolle som tilretteleggjarar for havbruksnæringa, og sikre at ordningane rundt næringa framleis stimulerer til lokal verdiskaping og utvikling.
2. Å gjennomføre ei heilskapleg vurdering av dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av nedtrekk i produksjonskapasiteten, inkludert effektane for arbeidsplassar, leverandørindustri, investeringar og lokalsamfunn langs kysten.

3. Å snarleg få på plass meir føreseielege og langsiktige rammer for havbruksnæringa, inkludert ei meir heilskapleg forvaltning av næringa. Det er behov for klare styringslinjer og eit tydeleg nasjonalt ansvar som sikrar både berekraftig vekst og stabile rammevilkår for kystkommunane.

Sunnhordlandsrådet meiner at ei berekraftig havbruksnæring med moglegheit for vekst er avgjerande for arbeidsplassar, verdiskaping og levande kystsamfunn. Vidare nedtrekk i produksjonskapasiteten i PO3 vil få konsekvensar langt utover sjølve oppdrettsnæringa, og svekkje grunnlaget for vekst og utvikling i regionen.

Sunnhordland, 11. september 2026

Morten Helland
Rådsordførar Sunnhordlandsrådet

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift